



Arkivnr: 2015/11453-82
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		05.05.2017

Fastsetjing av forskrift for Fagskolane i Hordaland

Samandrag

Det følgjer av fagskulelova §§ 4 og 6 at fagskulane skal ha ei opptaks- og eksamensforskrift. Forskrifta skal sendast på høyring og deretter kunngjerast i Norsk Lovtidend (www.lovdata.no). Styret for Fagskolane i Hordaland sende 16.02.2017 utkast til forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolane i Hordaland (forskrift for Fagskolane i Hordaland) på open høyring med frist 3. april 2017. Av høyringsinstansane var det fire som gav uttale. Studentrådet ved Fagskolen i Hordaland støttar forslaget utan merknader. ONF har gjeve høyringsuttale med generelle merknader, medan Fagskolen i Hordaland og Tekna har gjeve uttale med merknader. I tillegg til dei nemnde høyringsuttalane har Fagskolen i Hordaland fått kommentarar frå NOKUT i samband med søknad om godkjenning av CNC og robotteknologi, og desse merknadene vert også handsama i denne saksutgreiinga.

Forslag til vedtak

Forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolane i Hordaland (forskrift for Fagskolane i Hordaland) vert vedteken slik det går fram av saka.

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Forskrift på høyring - opphavleg versjon
- 2 Høyringsuttale frå ONF
- 3 Høyringsuttale frå Tekna

- 4 Høyringsuttale - Forskrift for Fagskolane i Hordaland
- 5 Høyringsuttale frå Fagskolen i Hordaland
- 6 Forslag om sakkyndige - godkjenning av CNC og robotteknologi
- 7 Forslag til forskrift for Fagskolane i Hordaland etter høyring

Fylkesrådmannen, 11.04.2017

Bakgrunn for fastsetjing av forskrifta

Det følgjer av fagskulelova §§ 4 og 6 at fagskulane skal ha ei opptaks- og eksamensforskrift. Forskrifta skal sendast på høyring og deretter kunngjerast i Norsk Lovtidend (www.lovadata.no). Etter endringa i fagskulelova 1. juli 2016 inneheld lova føresegner som regulerer studentane og tilbydarar sine rettar og plikter. NOKUT tilrår at fagskulane har éi forskrift som samlar føresegner om opptak, gjennomføring av studia, eksamen og klagereglar i tillegg til andre føresegner som til dømes disiplinære sanksjonar. På denne måten vert det enklare for studentane å få oversikt over sine rettar og plikter. Viktige prinsipp for utforming av forskrifta er:

- Søkjarane og studentane skal kunne sjå om dei er rett behandla eller ikkje ved å lese føresegnene.
- Studentane skal enkelt finne den informasjon dei har behov for.

Om høyringa

Styret for Fagskolane i Hordaland sende 16.02.2017 utkast til forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolane i Hordaland (forskrift for Fagskolane i Hordaland) på open høyring med frist 3. april 2017. Forskrifta vart send til følgjande spesifiserte høyringsinstansar:

- Fagskolen i Hordaland
- Hordaland helsefagskole
- Studentrådet ved Fagskolen i Hordaland
- Studentrådet ved Hordaland helsefagskole
- Organisasjon for norske fagskolestudenter (ONF)
- Fagskular
- Råd for offentlige fagskoler (RFF)
- Arbeidsgjevarorganisasjonane ved Fagskolane i Hordaland

Av høyringsinstansane var det fire som gav uttale. Studentrådet ved Fagskolen i Hordaland støttar forslaget utan merknader. ONF har gjeve høyringsuttale med generelle merknader, medan Fagskolen i Hordaland og Tekna har gjeve uttale med merknader. I tillegg til dei nemnde høyringsuttalane har Fagskolen i Hordaland fått kommentarar frå NOKUT i samband med søknad om godkjenning av CNC og robotteknologi, og desse merknadene vert også handsama i denne saksutgreiinga. Høyringsuttalen og tilbakemeldinga frå NOKUT ligg som vedlegg til saka.

Vidare vert dei kapitla og paragrafane i forskrifta som det er gjort merknader ved, gjort greie for saman med administrasjonen si vurdering.

Kapittel 2. Opptak

Kapitlet om opptak skal regulere alle tilhøve ved opptaksprosessen som til dømes opptakskrav, realkompetansevurdering, poengberekning og klage på opptak m.m. Fagskolen i Hordaland og Tekna har gjeve merknader til kapittel om opptak, og i tillegg har NOKUT gjeve kommentarar i samband med handsaming av søknaden om CNC og robotteknologi.

§ 2-2 Opptakskrav

Fagskolen i Hordaland føreslår å kutte dei tre siste orda i første setning i § 2-2 a) fordi dei er overflødige.

Forslaget er slik:

- a) Fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev/sveinebrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning frå vidaregåande skule. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning som gjev grunnlag for opptak, er nedfelt i studieplanane.

Administrasjonen er einig med Fagskolen i Hordaland om at siste del av fyrste setning i § 2-2 a) er overflødig og ny tekst vert slik:

- a) Fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev/sveinebrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning som gjev grunnlag for opptak, er nedfelt i studieplanane.

§ 2-3 Spesielle opptakskrav

Fagskolen i Hordaland føreslår å endre § 2-3 Spesielle opptakskrav 2.ledd i høve til maritim utdanning for å gjere teksten meir utfyllande.

NOKUT peikar på at det jf. fagskulelova og tilhøyrande forskrifter ikkje er tillate å stille krav utover vidaregåande opplæring ved opptak til ei fagskuleutdanning. § 2-3 (1) syner til fag som vert gjeve i vidaregåande opplæring, medan § 3-2 (2) omhandlar tryggleikskurs (IMO 60 eller 50), og det går ikkje fram av forskrifta om dette kurset inngår i vidaregåande opplæring. Basert på dette meiner NOKUT at § 2-3 må takast ut av forskrifta, og at ein heller beskriv kravet i § 2-3 (1) i studieplanen. Vidare må tryggleikskurset omtalt i § 2-3 (2) verte gjeve som ein del av utdanninga dersom dette ikkje inngår i den vidaregåande utdanninga som dannar grunnlag for opptak.

Administrasjonen tek NOKUT sin kommentar til etterretning, og § 2-3 om spesielle opptakskrav vert føreslått tatt ut av forskrifta. Krav om Vg2 Brønnteknikk må omtalast i studieplanen til Fagskolane i Hordaland.

Dei fleste søkjarar med fagbrev innan matros eller motormann har tryggleikskursa IMO 60 eller IMO 50, med mindre kurset ikkje er oppdatert. Søkjarar med realkompetansevurdering kan også vere utan desse tryggleikskursa. Administrasjonen føreslår at studentar som er tatt opp og manglar IMO 50 eller IMO 60 får dette gjennom dei maritime fagskuleutdanningane ved Fagskolen i Hordaland.

§ 2-5 Søkjarar med utanlandsk utdanning

NOKUT syner til § 2-5 (2) i høve til søkjarar utanfor Norden som kan søkje NOKUT om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring og gjer fagskulen merksam på at godkjenningsordninga foreløpig er avgrensa til betongfagarbeidar, frisør, kjøttkjærar, røyrlegger og tømmer frå Tyskland og Polen. Det vil ta tid før ordninga omfattar alle fag- og sveinebrev.

Administrasjonen vurderer i høve til NOKUT sin merknad om § 2-5 (2) at det kjem fram av paragrafen at søkjaren alternativt må dokumentere opplæring eller praksis ved autorisert translator og ha bestått eller ha likeverdig realkompetanse i dei felles allmenne faga tilsvarande Vg1 og Vg2 i yrkesfaglege studieretningar, og at dette er tilstrekkeleg.

§ 2-7 Realkompetansevurdering

Fagskolen i Hordaland peikar på at det i § 2-7 Realkompetansevurdering er ein feil lovreferanse, og NOKUT kommenterer det same. Referansen er NOKUT-forskrifta § 5 som har fått ei ny kortform «studiekvalitetsforskrifta». NOKUT tilrår å nytte forskrifta sitt fulle namn slik at søkjarar lett kan finne denne i Norsk Lovtidend. Fagskolen i Hordaland syner også til at paragraf-referansen er feil etter endring i fagskuletilsynsforskrifta, og riktig referanse vil såleis vere forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskuleutdanning § 3-1.

Administrasjonen føreslår å endre forskrifts-referansen i § 2-7 om realkompetanse jf. Fagskolen i Hordaland og NOKUT sin kommentar. Referansen vert endra frå «NOKUT-forskrifta § 5» til «forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskuleutdanning § 3-1».

Tekna peikar på at det i §§ 2-8, 2-10 og 2-12 m.fl. vert nytta ulike omgrep for klageinstansen som t.d. «styret ved klagenemnda» og «klagenemnda til fagskulestyret» og meiner at det jf. fagskulelova § 13 bør

nyttast omgrepet «lokal klagenemnd» gjennom heile forskrifta for å tydeleggjere om det er styret eller klagenemnda ein refererer til.

Administrasjonen er einig med Tekna i at ein bør nytte omgrepet «lokal klagenemnd» gjennomgåande i forskrifta.

Kapittel 3. Vurdering og eksamen

Kapittel om vurdering og eksamen gjev føresegner om vurdering, grunngjeving for karakterfastsetjing, skikkavurdering, karakterskala, eksamensordning, rett til å gå opp til eksamen m.m. Både Fagskolen i Hordaland og Tekna har gjeve merknader til fleire §§ i kapittel 3. ONF har gjeve generelle kommentarar i høve til å sikre god informasjon til studentane, og NOKUT har gjeve kommentarar i samband med søknad om godkjenning av fagskuleutdanning.

§ 3-2 Grunngjeving for karakterfastsetting

Fagskolen i Hordaland syner til § 3-2 (1) i høve til grunngjeving for karakterfastsetting som blandar saman omgrepet vurdering og kunngjering i siste setning. Ny siste setning vert føreslått endra slik:

Ved anna vurdering type kunngjering må krav om grunngjeving framsetjast *innan tre veker* frå karakteren vart kunngjort, eller det var rimeleg at kandidaten fekk kjennskap til karakteren.

Vidare meiner Fagskolen i Hordaland at § 3-2 (3) bør strykast:

Grunngjeving vert gjeve munnleg eller skriftleg etter sensor sitt val. Vert det sett fram klage basert på grunngjevinga, må sensor levere skriftleg grunngjeving til klagehandsamar.

Fagskulen meiner at for å kvalitetssikre informasjonsflyten i klageprosessen bør all kommunikasjon skje skriftleg, i tillegg til at teksten vert meir lesarvenleg om ein fjernar dette leddet.

Administrasjonen er einig i Fagskolen i Hordaland sine kommentarar i høve til § 3-2 (1) og forslaget til å stryke § 3-2 (3). Ny tekst i § 3-2 første ledd vert som følgjer:

Ein student har rett til grunngjeving ved karakterfastsetting ved mappevurdering, prøvar, innleveringar og andre arbeidskrav som dannar grunnlag for mappevurdering/emnekarakter og eksamen. Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheiter må krav om grunngjeving setjast fram straks etter at karakteren er kunngjort. Dersom karakteren vert kunngjort elektronisk, må krav om grunngjeving setjast fram innan 1 veke. Ved anna kunngjering må krav om grunngjeving framsetjast *innan 3 veker* frå karakteren vart kunngjort, eller det var rimeleg at kandidaten fekk kjennskap til karakteren.

§ 3-3 Skikkavurdering

NOKUT kommenterer i høve til § 3-3 om skikkavurdering at føresegna i fagskulelova § 11 ikkje vil gjelde før departementet vedtar ei forskrift om skikkavurdering, og at denne forskrifta skal seie noko om kva type utdanningar som skal ha føresegner om skikkavurdering. Det er ikkje opp til fagskulane sjølv å velje om ein skal gjere ei skikkavurdering. Fagskulane har soleis ikkje heimel til å gjere ei skikkavurdering før ny forskrift er på plass, og NOKUT tilrår derfor at det kjem tydeleg fram at denne føresegna ikkje trer i kraft før Kunnskapsdepartementet har vedtatt forskrift om skikkavurdering.

Administrasjonen føreslår på bakgrunn av NOKUT sin kommentar eit nytt tredje ledd i § 3-3 som følgjer:

Denne paragraf trer ikkje i kraft før kunnskapsdepartementet har fastsett forskrift om skikkavurdering.

§ 3-4 Karakterskala

Fagskolen i Hordaland ber om at karakterskala i § 3-4 vert skifta ut med ein karakterskala som har tre kolonner fordi det er denne som vert nytta i nasjonal plan og malen for vitnemål for offentlege fagskular. Ny karakterskala vert føreslått slik:

Symbol	Nemning	Generell, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriterium
A	Framifrå	Framifrå prestasjon som skil seg klårt ut. Studenten har svært gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
B	Mykje god	Mykje god prestasjon. Studenten har mykje gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
C	God	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten har gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
D	Nokså god	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten har nokså gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
E	Tilstrekkeleg	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten har oppfylt minimumskrava som blir stilt til kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
F	Ikkje bestått	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Studenten har <i>ikkje bestått</i> på grunn av vesentlege manglar når det gjeld kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.

Administrasjonen er einig med Fagskolen i Hordaland om å bruke same variant av karakterskala som vert nytta i vitnemålsmalen. I tillegg ser ein at ved dei maritime utdanningane er det eitt emne som nyttar vurderingsuttrykket «bestått – ikkje bestått», og administrasjonen føreslår difor eit nytt ledd i § 3-4 som omtalar dette som følgjer:

Ved einiskilde emne kan det verte nytta vurderingsuttrykket «bestått – ikkje bestått». Kva emne dette gjeld kjem fram av studieplanen.

Tekna meiner at karakterskalaen bør endrast i høve til vurderinga F – Ikkje bestått. Grunngevinga for dette er som følgjer:

«Karakterskalaen benyttes til faglig vurdering av prøver, emnekarakter og eksamenskarakter. De to siste kommer på vitnemålet. Karakterskalaen er tilstrekkelig når det gjelder vurdering av prøver og eksamener.

For emnekarakter er det annerledes. Tidligere ble karakterskalaen benyttet kun for faglig vurdering. I de tilfeller at studenten ikke hadde oppfylt arbeidskravene i et emne, eller at tilstedeværelse i et emne var for lavt, ble det ikke foretatt faglig vurdering. I de tilfellene ble det i stedet gitt opplysningen «Ikke vurdert» (forkortet : i.v.).

Fra et tidspunkt ble de ansatte ved Bergen tekniske fagskole instruert til ikke å bruke «Ikke vurdert», men i stedet gi den faglige vurderingen «F» til studentene som ikke var blitt faglig vurdert.

Denne bruken av vurderingen «F» er problematisk siden "F" får en dobbeltrolle. Man vet ikke om «F» betyr at studenten ikke har bestått på grunn av manglende oppfyllelse av arbeidskrav eller tilstedeværelse, eller om det betyr at studenten har fått en faglig vurdering som er for svak til å bestå emnet.

Fagskolestyret må finne ut hvilken praksis som skal benyttes videre.

Dersom «F» i fortsettelsen skal ha denne dobbeltrollen mener vi at omtalen av vurderingskriterium for «F» må endres slik at begge betydningene er beskrevet.»

Administrasjonen vurderer det slik at karakteren IV ikkje er ein gyldig karakter jf. forskrift om fagskoleutdanning § 1-4:

«§ 1-4. Felles vurderingsuttrykk

(1) Vurderingsuttrykket ved avsluttende vurdering, eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering skal være bestått-ikke bestått eller en gradert skala med fem trinn fra A til E for bestått og med F for ikke bestått. I den graderte karakterskalaen fra A til F skal karakteren C gi uttrykk for en jevnt god prestasjon som er tilfredsstillende på de fleste områder, og karakteren A for en fremragende prestasjon som klart utmerker seg.»

På bakgrunn av dette føreslår administrasjonen å ikkje gje Tekna medhald i å innføra IV. Administrasjonen meiner vidare at det ikkje er grunnlag for å endre omtalen av karakteren F, og at omtalen av denne er tilstrekkeleg for å beskrive at ein student ikkje har fullført alle arbeidskrava eller ikkje har hatt stort nok fram møte i emnet. Omtalen av karakteren F er som følgjer:

«Prestasjon som ikkje tilfredsstillir dei faglege minimumskrava. Studenten har *ikkje bestått* på grunn av vesentlege manglar når det gjeld kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.»

Vidare meiner administrasjonen at karakteren IV er ein karakter som høyrer til vurderingar gitt i vidaregåande opplæring og ikkje i tertiærutdanningane. Høgskular og universitet nyttar ikkje karakteren IV.

§ 3-5 Eksamensordning

NOKUT kommenterer at det i § 3-5 står at styret gir forskrift om avlegging og gjennomføring av eksamen m.m. og at den forskrifta styret fastset er den som denne paragrafen står i. NOKUT meiner dette kan vere misvisande og føreslår å fjerne dei to første setningane i paragrafen.

Tekna peikar på same mistyding av denne paragraf.

Fagskolen i Hordaland kommenterer også at det er ein feil lov-referanse; fagskulelova § 6 fjerde ledd skal vere fagskulelova § 6 femte ledd.

Administrasjonen føreslår med bakgrunn i kommentarane over å endre § 3-5 slik:

§ 3-5 Eksamensordning

~~Styret sjølv gir forskrift om avlegging av og gjennomføring av eksamenar, prøver og anna arbeid, jf. lov om fagskoleutdanning § 6, fjerde ledd. Dette omfattar vilkår for å gå opp til eksamen eller prøve på nytt og vilkår for tilgang til ny praksisperiode. Styret kan gi forskrift om forhold som er spesielle for den einskilde eksamen.~~

§ 3-11 Dokumentasjon

Fagskolen i Hordaland gjev merknad til § 3-11 (3) om dokumentasjon i høve til å fjerne siste del av setning i tredje ledd slik:

Ein student som ikkje har fullført heile utdanninga, kan be om ei karakterutskrift som syner fullført og bestått emne og eksamenar. ~~og eventuelle andre vurderingar.~~

Årsaka til det er at studentane ikkje får karakterutskrift med andre vurderingar enn fullførte emne og eksamenar.

Administrasjonen støttar forslaget til Fagskolen i Hordaland om å fjerne siste del av setninga i § 3-11 (3) som vist over.

§ 3-12 Avsluttande vurdering, eksamen og sensur

Tekna gjev følgjande merknad til §3-12 (1):

«Styret delegerer til rektor på den einkilde skule å nemne opp sensor ved eksamen, prøve, vurdering av oppgåver eller anna arbeid når resultatet er del av vitnemålet eller vert rekna inn i karakter for utdanninga, jf. Fagskulelova § 6.»

Vi savner faglige kvalifikasjonskriterier for sensor for de forskjellige typer vurderinger. Noen vurderinger utføres av faglærere, andre vurderinger må gjøres av sensor som hentes inn til Fagskolen.

Tekna mener at eksamen må vurderes av to sensorer (i samsvar med denne forskriftens § 5-4 (1)), en intern og en ekstern (som i Fagskuleloven § 6 om Avsluttande vurdering, eksamen og sensur. : «... Det skal være ekstern evaluering av vurderingen...»).

Det må undersøkes og presiseres hva som etter Fagskuleloven § 6 menes med ekstern evaluering. Er det sensor hentet fra utenfor Fagskolen i Hordaland, eller er det sensor hentet fra utenfor skoleeier Hordaland fylkeskommune?

Administrasjonen vurderer at det er tilstrekkeleg å delegere til rektor å nemne opp sensorar ved eksamen, prøve og vurdering av oppgåver. Det er variasjon på tvers av utdanningane i høve til om det vert nytta både ekstern sensor eller berre intern sensor av di det er ulike avtalar på tvers av utdanningane. Ved dei tekniske faga vert det nytta om lag 50 % eksterne sensorar, medan ved dei maritime faga vert det nytta eksterne sensorar på alle eksamenar på grunn av eksamenssamarbeidet som er etablert ved dei maritime fagskulane i landet (krav frå Sjøfartsdirektoratet). Ved ny sensur etter klage vert det oppretta to eksterne sensorar for å gje ny vurdering.

I høve til fagskulelova § 6 første ledd om at det skal vere ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane, er det etablert nokre rutinar for dette i dag i samband med kvalitetssystemet, men det må utarbeidast fleire metodar for å gjere denne evalueringa. Administrasjonen vurderer det slik at dette ikkje må vere omtalt i forskrifta då det i praksis ikkje har mykje å seie for studentane.

ONF gjev følgjande merknad om vurdering av eksamen og anna arbeid:

«Upartisk og faglig betryggende vurdering av eksamen og annet arbeid

Studenter på fagskoler har rett på at deres læringsutbytte blir prøvet på en upartisk og faglig betryggende måte jf. §6 fagskol første ledd. For å ivareta dette bør skriftlige eksamener og andre avsluttende oppgaver anonymiseres i størst mulig grad slik at kandidatens identitet så langt dette er praktisk mulig ikke gjøres kjent for sensor. Eksempelvis ved at studentene får tilgang på kandidatnummer som de markerer besvarelsen med. I tilfeller hvor studenter kan levere med sitt eget navn på besvarelsen oppleves det ikke upartisk og er mindre betryggende for studentene. Høgskoler og universitet har ordning med kandidatnummer gjennom Felles studentsystem FSAT og deres tjeneste StudentWeb. Fagskoler har i dag ikke tilsvarende system og ONF ber derfor fagskolen selv vurdere hvordan de kan sikre en upartisk eksamensordning.»

Administrasjonen vurderer det slik at studentane ved Fagskolane i Hordaland vert tilstrekkeleg anonymisert ved bruk av kandidatnummer som vert oppretta sentralt i fylkeskommunen.

§ 3-13 Rett til å gå opp til eksamen

Tekna kommenterer at det i denne paragraf første ledd bør presiserast om tap av rett til å gå opp til eksamen dersom ein ikkje oppfyller eller består arbeidskrava som er fastsett i studieplanen, gjeld eksamen i eit bestemt emne eller om det gjeld alle eksamenar.

Administrasjonen er einig med Tekna i at dette kan presiserast og føreslår slik endring:

Gjeldande tekst; (1) Studentar som er tekne inn til eit emne eller eit studium ved fagskulen, har rett til å gå opp til dei eksamenar og prøver som høyrer til studiet eller emnet. Det er ikkje høve til å gå opp som privatist ved fagskulane. I kvart emne er det fastsett særskilde arbeidskrav som prøver, innleveringar eller krav om obligatorisk frammøte og/eller praksis som må vere fullført før eksamen kan gjennomførast. Nærare opplysningar om dette vert gitt i studieplanen. Studentar som ikkje oppfyller eller består arbeidskrava som er fastsett i studieplanen, har ikkje rett til å gå opp til eksamen.

Ny tekst; (1) Studentar som er tekne inn til eit emne eller eit studium ved fagskulen, har rett til å gå opp til dei eksamenar og prøver som høyrer til studiet eller emnet. Det er ikkje høve til å gå opp som privatist ved fagskulane. I kvart emne er det fastsett særskilde arbeidskrav som prøver, innleveringar eller krav om obligatorisk frammøte og/eller praksis som må vere fullført før eksamen kan gjennomførast. Nærare opplysningar om dette vert gitt i studieplanen. Studentar som ikkje oppfyller eller består arbeidskrava som er fastsett i studieplanen, har ikkje rett til å gå opp til eksamen i det aktuelle emne.

§ 3-18 Eksamen under særskilte vilkår

Fagskolen i Hordaland ønskjer at overskrifta i denne paragraf vert endra og at det vert lagt til eit ekstra ledd i starten av paragrafen om permisjonar. Forslag til ny overskrift: «Permisjon og tilrettelegging», og forslag til nytt første ledd: «Permisjon kan bli innvilga dersom tungtvegande grunnar gjer det naudsynt, til dømes ved sjukdom eller innkalling til førstegongsteneste. Permisjon blir som hovudregel innvilga for ein periode på inntil eitt år. I ekstraordinære tilfelle kan ytterlegare permisjon bli innvilga i inntil eitt år.».

I tillegg føreslår Fagskolen i Hordaland å endre gjeldande første ledd slik:

Studentar som av medisinske eller andre grunnar har behov for spesiell tilrettelegging ved den praktiske gjennomføringa av eksamen, må sende søknad til rektor ved den einskilde skule om dette seinast tre veker før eksamen. Om det oppstår akutt behov for tilrettelegging, kan det gjerast unntak frå søknadsfristen. Søknaden må innehalde dokumentasjon frå sakkunnig instans (til dømes lege, logoped, psykolog) med omtale av behovet for særleg tilrettelegging. ~~i eksamenssituasjonen.~~

Bakgrunnen for dette er at tilrettelegging også kan gjelde ved andre tilhøve enn i eksamenssituasjonen som ved prøve o.l.

Vidare føreslår Fagskolen i Hordaland å endre gjeldande fjerde ledd med same årsak slik:

Særordningar skal likevel vere slik at ~~eksamensprestasjonen~~ vert vurdert etter vanlege faglege kriterium.

Administrasjonen vurderer at paragrafen bør endrast slik som Fagskolen i Hordaland føreslår, slik at forskrifta har føreseger om permisjon, og at tilrettelegging ikkje berre er knytt til eksamenssituasjonen, men med noko justering av forslaget til nytt første ledd.

Ny § 3-18 blir da slik:

§ 3-18 Permisjon og tilrettelegging

- (1) Ein student kan søkje om og få permisjon dersom tungtvegande grunnar gjer det naudsynt, t.d. ved sjukdom eller innkalling til førstegongsteneste. Permisjon blir som hovudregel gitt for ein periode på inntil eitt år. I ekstraordinære tilfelle kan permisjon bli gitt i ytterlegare eitt år.
- (2) Studentar som av medisinske eller andre grunnar har behov for spesiell tilrettelegging ved den praktiske gjennomføringa av eksamen, må sende søknad om dette til rektor ved den einskilde skule seinast tre veker før eksamen. Om det oppstår akutt behov for tilrettelegging kan det gjerast unntak frå søknadsfristen. Søknaden må innehalde dokumentasjon frå sakkunnig instans (til dømes lege, logoped, psykolog) med omtale av behovet for særleg tilrettelegging.

- (3) Særordningar kan vere spesiell fysisk tilrettelegging, bruk av særskilde hjelpemiddel og/eller utvida tid til eksamen, eller i spesielle tilfelle alternativ eksamensform. Døme på særordningar: Eige eksamenslokale, bruk av PC, skrivehjelp, munnleg eksamen i staden for skriftleg, høgtlesing av oppgåva, høgtlesing av svara for korrektur, ekstra pausar med høve til å kvile, amme-pausar og liknande.
- (4) Ved skriftleg eksamen med tilsyn kan det verte gjeve utvida tid med inntil 25 % av normal eksamenstid; maksimalt éin time.
- (5) Særordningar skal likevel vere slik at prestasjonen vert vurdert etter vanlege faglege kriterium.
- (6) Eventuelt avslag på søknad om tilrettelagt eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten har klagerett. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.

§ 3-19 Fusk og forsøk på fusk

Tekna kommenterer at første setning i denne paragraf, første ledd: «... handlar i strid med eksamensreglementet eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskulen.», må ha ein referanse til kor ein finn eksamensreglementet for fagskulen og reglar om kjeldebruk.

Administrasjonen er einig med Tekna i at det bør kome fram av forskrifta kor ein finn eksamensreglement og reglar om kjeldebruk. Den einskilde fagskule må ha eksamensreglement som også omtalar kjeldebruk på heimesida til Fagskolane i Hordaland. Med bakgrunn i dette føreslår administrasjonen å ta inn ein ny setning til slutt i § 3-19 (1) som følgjer:

«Eksamensreglement og reglar for kjeldebruk finn ein på heimesida til fagskulen.»

§§ 3-20, 4-1, 5-1 i høve til lokal klagenemnd

Tekna og NOKUT kommenterer at omgrepet «lokal klagenemnd» bør verte nytta framfor «styret ved klagenemnda».

Administrasjonen er einig med Tekna og NOKUT i at det er meir tydeleg å nytte omgrepet «lokal klagenemnd» i forskrifta framfor «styret ved klagenemnda», og dette vert soleis føreslått endra.

Kapittel 5. Klage og klagehandsaming

§ 5-1 Klageinstans

Tekna kommenterer at det i første ledd i denne paragraf står «Ved klage på karakterfastsetting vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering», og spør om «ny vurdering» er tilstrekkeleg for prøve og emnekarakter. Tekna syner vidare til fagskulelova § 8 fjerde ledd som omtalar dette.

Administrasjonen meiner det er tilstrekkeleg med ny vurdering i høve til klage på prøve og innleveringar, og at desse tilhøva er godt belyst i §§ 5-3 og 5-4 som omhandlar klage på mappevurdering, prøvar, innleveringar og eksamenar.

Tekna peikar også på at det i andre ledd, første setning står: «Ved klage på bortvisning, utestenging eller annullering av eksamen er det Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som er klageinstans.», og at det med fordel kan verte lista opp den nasjonale klagenemnda sitt verkeområde slik det kjem fram av forskrift om fagskoleutdanning § 2-1.

Administrasjonen ser at det i høve til § 2-1 i forskrift om fagskoleutdanning er nemnt utestenging etter skikkavurdering og om politiattest i tillegg til det som er nemnt i § 5-1 (2) i forskrift for Fagskolane i Hordaland. I forskrift for fagskoleutdanning står det som følgjer:

§ 2-1. Virkeområde

- (1) Kapitlet gjelder opprettelse av nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning etter fagskoleloven § 13 femte ledd. Klagenemndas oppgave er å behandle klager over enkeltvedtak truffet med hjemmel i lov om fagskoleutdanning
- a) §9 om annullering av eksamen m.m.
 - b) § 10 om utestenging og bortvisning
 - c) § 11 om utestenging etter vurdering av skikkethet
 - d) § 12 om politiattest.

Administrasjonen er einig med Tekna i at alle tilhøva bør vere lista opp og føreslår å endre § 5-1 (2) slik:

Gjeldande tekst:

Ved klage på bortvising, utestenging eller annullering av eksamen er det Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som er klageinstans. Ved alle andre klager er det styret ved klagenemnda som er ansvarleg for klagehandsaming. Klagenemnda består av minimum fem medlemmar etter følgjande kvalifikasjonar; leiar og vara for leiar fyller dei lovfesta krava til lagdommarar og er ikkje tilsett ved fagskolen, to medlemmar frå Fagskolane i Hordaland og to studentar. Alle medlemmane har personleg vara, og mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova.

Ny tekst:

Ved klage på bortvising, utestenging, annullering av eksamen, utestenging etter skikkavurdering eller politiattest er det Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som er klageinstans. Ved alle andre klager er det den lokale klagenemnda som er ansvarleg for klagehandsaming. Klagenemnda består av minimum fem medlemmar etter følgjande kvalifikasjonar; leiar og vara for leiar fyller dei lovfesta krava til lagdommarar og er ikkje tilsett ved fagskolen, to medlemmar frå Fagskolane i Hordaland og to studentar. Alle medlemmane har personleg vara, og mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova.

Tekna kommenterer vidare som følgjer i høve til denne paragraf:

«§ 5-1 (2) linje 3-6. «Klagenemnda består av minimum fem medlemmer....»

Fagskoleloven sier at den lokale klagenemnda skal ha fem medlemmer. Vi mener teksten frå Fagskolelovens § 13, 2. – 4. avsnitt, med fordel kan benyttes :

Den lokale klagenemnda skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Lederen og varamedlemmet for lederen skal fylle de lovbestedte kravene for lagdommere. Lederen og varamedlemmet for lederen skal ikkje være ansatt ved Fagskolen i Hordaland. To av medlemmene skal være studenter.

Klagenemnda er vedtaksfør når lederen eller varamedlemmet for lederen og to andre medlemmer er tilstede.

Den lokale klagenemndas vedtak i saker om fagskolens enkeltvedtak kan ikkje påklages.

Administrasjonen vil her trekkje fram at det ikkje er anledning til å kopiere inn ein lovtekst i ei forskrift, men må referere til paragrafen i gjeldande lov dersom ein ønskjer å gjengi ein lovtekst. Vidare ser administrasjonen at det i § 5-1 (2) med fordel kan stå at klagenemnda er vedtaksfør når leiar eller vara for leiar og to andre medlemmer er til stades, og at vedtak fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskolen sine enkeltvedtak ikkje kan påklagast. På bakgrunn av dette føreslår administrasjonen følgjande endring i § 5-1 (2):

Gjeldande tekst:

Ved klage på bortvising, utestenging eller annullering av eksamen er det Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som er klageinstans. Ved alle andre klager er det styret ved klagenemnda som

er ansvarleg for klagehandsaming. Klagenemnda består av minimum fem medlemmar etter følgjande kvalifikasjonar; leiar og vara for leiar fyller dei lovfesta krava til lagdommarar og er ikkje tilsett ved fagskulen, to medlemmar frå Fagskolane i Hordaland og to studentar. Alle medlemmane har personleg vara, og mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova.

Ny tekst:

Ved klage på bortvising, utestenging, annullering av eksamen, utestenging etter skikkavurdering eller politiattest er det Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som er klageinstans. Ved alle andre klager er det den lokale klagenemnda som er ansvarleg for klagehandsaming. Klagenemnda består av minimum fem medlemmar etter følgjande kvalifikasjonar; leiar og vara for leiar fyller dei lovfesta krava til lagdommarar og er ikkje tilsett ved fagskulen, to medlemmar frå Fagskolane i Hordaland og to studentar. Alle medlemmane har personleg vara, og mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova. Den lokale klagenemnda er vedtaksfør når leiar eller vara for leiar og to andre medlemmer er til stades. Vedtak fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak kan ikkje påklagast.

Tekna gjev vidare følgjande merknad til denne paragraf:

Tekna har ytterligere kommentarer til sammensetningen av Lokal klagenemnd :

Når en rektor gjør vedtak gjør han det på vegne av skoleeier Hordaland fylkeskommune. Når en lærer vurderer og setter karakter gjør han det også på vegne av skoleeier Hordaland fylkeskommune. I begge tilfeller er det gjort enkeltvedtak etter Forvaltningsloven. Det kan komme klage på disse vedtakene. Forvaltningsloven sier at enkeltvedtak skal påklages til det forvaltningsorgan som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket.

Forvaltningsorganet overordna Hordaland fylkeskommune er fylkestinget eller særskilt klagenemnd oppnevnt av fylkestinget.

Fagskolelova § 13 sier at fagskoler skal opprette en lokal klagenemnd som skal behandle klager over enkeltvedtak. Med bakgrunn i prinsippene for klagebehandling i Forvaltningsloven mener Tekna at medlemmene av Lokal klagenemnd ikke kan være arbeidstakere i Hordaland fylkeskommune, og at de som skal utføre ny vurdering etter klage på karakter ved prøve, emnevurdering eller eksamen heller ikke kan være arbeidstakere i Hordaland fylkeskommune. Klagebehandling er i utgangspunktet lagt til fylkestinget. Når Fagskoleloven sier at det skal opprettes Lokal klagenemnd mener vi at deltakerne i denne ikke må ha nærmere relasjon til fagskolen enn medlemmer av fylkestinget. Vi mener at medlemmer av Lokal klagenemnd kan være medlemmer av Fylkestinget i Hordaland. I den grad man må knytte til seg faglig og skolemessig kompetanse må det hentes fra andre fylkeskommuner.»

Administrasjonen har vurdert samansetninga av den lokale klagenemnda slik den er vedteken i styret for Fagskolane i Hordaland til å vere riktig etter gjeldande lover og forskrifter. I «Prop. 95 L (2015-2016) Endringar i fagskolelova (om studentrettigheter m.m.)» står følgjande på side 22 om samansetning og tilknytning til eigar og utdanningsinstitusjonen:

«Departementet støtter innspillet om at det i noen tilfeller kan bli vanskelig å få kvalifiserte personer i den lokale klagenemnda. Departementet foreslår derfor å ta bort forslaget i tredje ledd om at representanter for eier eller medlem av institusjonens styre ikke kan være medlem av klagenemnda. Departementet mener imidlertid at det ikke er hensiktsmessig med en klageordning tilsvarende ordningen innenfor videregående opplæring, hvor Fylkestinget er klageinstans, ettersom dette ikke vil omfatte de private fagskolene. Kravet om studentrepresentasjonen i den lokale klagenemnda opprettholdes fordi det, etter departementets syn, er med på å ivareta studentenes rettsikkerhet.»

På bakgrunn av dette føreslår administrasjonen å ikkje gje Tekna medhald i endring av samansetning av den lokale klagenemnda. Administrasjonen vil også påpeike at rektor fattar enkeltvedtak på vegner av styret som er øvste styringsorgan for fagskulen.

§ 5-2 Framgangsmåte og fristar

Tekna peikar til første ledd i denne paragraf:

«Alle klager skal sendast til den einskilde fagskule ved rektor, som anten sender klaga til handsaming for ny sensur eller til handsaming i styret si klagenemnd.»

Tekna meiner at klage på vurdering er klage på enkeltvedtak og må sendast via lokal klagenemnd, og at klagesaker som skal til nasjonal klagenemnd også vert sendt via lokal klagenemnd slik at alle klagesaker som skulen får vert sendt til lokal klagenemnd.

NOKUT kommenterer i høve til same setning som Tekna har gjeve merknad til at rektor som den som har fatta vedtak i første instans, skal vurderer om det er grunn til å oppheve vedtaket før klagen vert sendt til klageinstansen, og at dette med fordel kan kome fram av denne paragrafen.

Fagskolen i Hordaland ønskjer å stryke ordet «studentnummer» i femte ledd fordi studentane ikkje har faste studentnummer. Forslaget er som følgjer:

Den skriftlege klaga skal innehalde:

- a) kven som klagar (namn, adresse og ~~studentnummer~~)
- b) vedtak det vert klaga over
- c) kva klaga gjeld og grunngjeving for denne
- d) dato og underskrift/er

Administrasjonen føreslår å ikkje ta Tekna sin merknad til følgje fordi det vil vere for ressurskrevjande og tungvint om den lokale klagenemnda skal kallast inn til alle klager som omhandlar sensur. I høve til klager som skal sendast til Nasjonal klagenemnd er dette berre klager som den lokale klagenemnda har handsama i første instans, og det er derfor ikkje naturleg at det er rektor som sender denne vidare til nasjonal klagenemnd via lokal klagenemnd. Nasjonal klagenemnd for fagskoler er på noverande tidspunkt ikkje oppretta, og saksgang er derfor ikkje klargjort. Dersom den lokale klagenemnda fattar enkeltvedtak i høve til annullering av eksamen, bortvisning og utestenging m.m., vil det i samband med vedtaket som vert sendt til studenten verte opplyst om klagetilgang, framgangsmåte og fristar.

Administrasjonen føreslår vidare å ta kommentarane frå NOKUT (1) og Fagskolen i Hordaland (5) til følgje.

Gjeldande tekst første ledd:

Alle klager skal sendast til den einskilde fagskule ved rektor, som anten sender klaga til handsaming for ny sensur eller til handsaming i styret si klagenemnd.

Ny tekst første ledd:

Alle klager skal sendast til den einskilde fagskule ved rektor. Rektor skal – som den som har fatta vedtak i første instans – vurderer om det er grunn til å oppheve vedtaket. Dersom rektor ikkje finn grunn til å oppheve vedtaket sender rektor klaga til handsaming for ny sensur eller til handsaming i den lokale klagenemnda.

Gjeldande tekst femte ledd:

Den skriftlege klaga skal innehalde:

- e) kven som klagar (namn, adresse og studentnummer)

- f) vedtak det vert klaga over
- g) kva klaga gjeld og grunngjeving for denne
- h) dato og underskrift/er

Ny tekst femte ledd:

Den skriftlege klagen skal innehalde:

- i) kven som klagar (namn og adresse)
- j) vedtak det vert klaga over
- k) kva klaga gjeld og grunngjeving for denne
- l) dato og underskrift/er

§ 5-3 Klage på mappevurdering/emnekarakter og § 5-4 Klage på eksamen

ONF peikar på at studentar som klagar på karakterar ved eksamen har rett på ny sensur. I desse tilfella vil ONF tilrå å tydeleggjere at klagesensor ikkje vert opplyst om kandidaten sin opphavelige karakter.

Tekna gjev merknad til § 5-3 (2): «Om studenten set fram klage på karakter ved prøve, innlevering og andre arbeidskrav som har konsekvens for avsluttande vurdering, skal det verte gjort ei ny fagleg vurdering av ein annan part. Studenten vert oppmoda til å be om grunngjeving før det vert sett fram klage.». Tekna meiner at «anna part» må vere ein part utanfor skuleeigar ved Hordaland fylkeskommune.

Vidare gjev Tekna merknad til § 5-3 (3): «Ved klage på avsluttande vurdering i høve til mappevurdering/emnekarakter kan studenten berre klage på summen av karakterfastsettinga; det vil seie den totale vurderinga av dei karakterane som er del av mappevurderinga/emnekarakteren. Studenten har rett på grunngjeving for karakterfastsetting. Ved klage på mappevurdering/emnekarakter skal det gjerast ny vurdering av ein annan fagskule. Karakterfastsetting ved klagehandsaming etter denne paragraf kan ikkje påklagast.». Tekna meiner også her at «ein annan fagskule» bør vere ein fagskule som Hordaland fylkeskommune ikkje er skuleeigar for.

Tekna gjev tilsvarande kommentar til § 5-4 (1): «Ved klage over karakterfastsetting ved ein eksamen skal to nye sensorar nyttast. Ny sensur skal liggje føre innan same fristar som gjeld for ordinær eksamen. Endring kan gjerast både til gunst og ugunst for klagar. Karakterfastsetting ved ny sensur etter denne paragraf kan ikkje klagast på.». Tekna meiner at «to nye sensorar» ikkje må vere tilsett i Hordaland fylkeskommune.

Administrasjonen er einig med ONF i at det bør presiserast i forskrifta at nye sensorar ikkje skal få oppgitt karakteren det vert klaga på. Administrasjonen føreslår eit nytt ledd (5) i § 5-3 og eit nytt ledd (4) i § 5-4 som følger:

Ved ny sensur skal nye sensorar ikkje få oppgitt karakteren det vert klaga på.

I høve til Tekna sine merknader til desse paragrafane er det slik at ved klager på innleveringar eller prøvar vert det gjort ny vurdering av ein annan faglærer ved same skule. Ved klager på mappevurdering/emnekarakter vert to nye sensorar oppnemnt ved ein annan fagskule under styret for Fagskolane i Hordaland. Ved klager på mappevurdering/emnekarakter er det summen av karakterar ved innleveringar og prøvar som skal vurderast av nye sensorar og ikkje det faglege innhaldet. Som nemnt over skal desse sensorane ikkje få tilgang til opphavelige karakter og har derfor moglegheit til å gjere ei ny vurdering på eige grunnlag. Ved klage på eksamenar samarbeider Fagskolane i Hordaland med fagskular i andre fylke om ny sensur. Administrasjonen meiner at denne praksisen er i tråd med aktuelle lover og forskrifter og vil ikkje tilrå å ta merknadene til Tekna til følge.

Kapittel 6. Avsluttande føresegner

§ 6-1 Mindre endringar i forskrifta

NOKUT kommenterer at det ikkje er anledning for administrasjonen ved opplæringsavdelinga til å gjere mindre endringar i forskrifta utan at den vert sendt på ny høyring og vert kunngjort på Norsk Lovtidend. NOKUT meiner at denne paragraf må strykast.

Administrasjonen tek NOKUT sin kommentar til følgje og føreslår å fjerne § 6-1.

Oppsummering av forslag til endring i forskrift for Fagskolane i Hordaland

Gjeldande tekst	Ny tekst	Merknad
<p>§ 2-1 Generelt om opptak (3) Ved opptak vert søkjarar rangert jf. § 2-6 i denne forskrifta.</p>	<p>§ 2-1 Generelt om opptak (3) Ved opptak vert søkjarar rangert jf. § 2-5 i denne forskrifta.</p>	Endring av paragrafreferanse på grunn av forskyving av paragrafane jf. § 2-3 under.
<p>§ 2-2 Opptakskrav Grunnlag for opptak til studietilbod ved Fagskolane i Hordaland er a) eller b) under jf. Lov om fagskoleutdanning § 1:</p> <p>a) Fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev/sveinebrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning frå vidaregåande skule. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning som gjev grunnlag for opptak, er nedfelt i studieplanane. Søkjarar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen, kan tildelast plass. Studenten misser plassen om han/ho ikkje består eller ikkje fullfører fagprøven. Fagprøven må vere gjennomført innan 31. desember i opptaksåret.</p> <p>b) Minst 5 års relevant praksis og realkompetanse i felles allmenne fag som svarar til Vg1 og Vg2 i yrkesfagleg utdanningsprogram. Søkjar må ha fylt 23 år innan søkjeåret. Realkompetansen vert vurdert jf. § 2-7 i denne forskrifta.</p>	<p>§ 2-2 Opptakskrav Grunnlag for opptak til studietilbod ved Fagskolane i Hordaland er a) eller b) under jf. Lov om fagskoleutdanning § 1:</p> <p>a) Fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev/sveinebrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning som gjev grunnlag for opptak, er nedfelt i studieplanane. Søkjarar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen, kan tildelast plass. Studenten misser plassen om han/ho ikkje består eller ikkje fullfører fagprøven. Fagprøven må vere gjennomført innan 31. desember i opptaksåret.</p> <p>b) Minst 5 års relevant praksis og realkompetanse i felles allmenne fag som svarar til Vg1 og Vg2 i yrkesfagleg utdanningsprogram. Søkjar må ha fylt 23 år innan søkjeåret. Realkompetansen vert vurdert jf. § 2-6 i denne forskrifta.</p>	

<p>§ 2-3 Spesielle opptakskrav</p> <p>(1) Søkjarar til Petroleumsteknologi som fyller krava over, men som ikkje har fullført Vg2 Brønnteknikk, må ha avlagt tverrfagleg offentleg privatisteksamen i Vg2 Brønnteknikk (024 OLF/NR - Retningslinjer for opplæring av bore- og brønnpersonell). Offentleg godkjent tverrfagleg eksamen i Vg2 Brønnteknikk kan erstattast av kursbevis frå bestått 420 timars grunnleggjande kurs i bore- og brønnteknikk avlagt før 1. august 2007.</p> <p>(2) Maritim fagskuleutdanning: STCW Sikkerhetskurs for sjøfolk (IMO60 eller IMO50).</p>	<p>§ 2-3 vert fjerna.</p>	<p>Paragrafane som følgjer etter denne vert oppdatert med nye paragrafnummer.</p>
<p>§ 2-7 Realkompetansevurdering</p> <p>(1) Fagskolane i Hordaland gjennomfører realkompetansevurderinga i tråd med NOKUT-forskrifta § 5 og rettleiar frå Kompetanse Norge. Kompetansen til søkjaren vert vurdert opp mot læreplanmål i vidaregåande opplæring innan relevante programområde. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning, er nedfelt i studieplanane. Opptak gjort på bakgrunn av realkompetanse vil berre gjelde for den utdanninga det vert realkompetansevurdert til.</p> <p>(4) Det er rektor som fattar vedtak om opptak på bakgrunn av realkompetanse etter innstilling frå opptakskomiteen jf. § 2-9 i denne forskrifta.</p>	<p>§ 2-6 Realkompetansevurdering</p> <p>(1) Fagskolane i Hordaland gjennomfører realkompetansevurderinga i tråd med forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning § 3-1 og rettleiar frå Kompetanse Norge. Kompetansen til søkjaren vert vurdert opp mot læreplanmål i vidaregåande opplæring innan relevante programområde. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning er nedfelt i studieplanane. Opptak gjort på bakgrunn av realkompetanse vil berre gjelde for den utdanninga det vert realkompetansevurdert til.</p> <p>(4) Det er rektor som fattar vedtak om opptak på bakgrunn av realkompetanse etter innstilling frå opptakskomiteen jf. § 2-8 i denne forskrifta.</p>	
<p>§ 2-8 Annullering av vedtak om realkompetansevurdering</p> <p>(1) Styret ved klagenemnda kan annullere vedtak om godkjent realkompetanse til ei</p>	<p>§ 2-7 Annullering av vedtak om realkompetansevurdering</p> <p>(1) Den lokale klagenemnda kan annullere vedtak om godkjent realkompetanse til ei</p>	

<p>fagskuleutdanning ved Fagskolane i Hordaland dersom ein student er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskuleutdanning § 9.</p>	<p>fagskuleutdanning ved Fagskolane i Hordaland dersom ein student er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskuleutdanning § 9.</p>	
<p>§ 2-10 Klage på vedtak om opptak Opptak til fagskulen er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§ 28 og § 29). Det er den einskilde fagskule det vert søkt til som fattar vedtak om opptak, og eventuell klage vert handsama av klagenemnda til fagskulestyret. Klage skal sendast til den fagskulen som har fatta vedtak. Nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5 i denne forskrifta.</p>	<p>§ 2-9 Klage på vedtak om opptak Opptak til fagskulen er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§ 28 og § 29). Det er den einskilde fagskule det vert søkt til som fattar vedtak om opptak, og eventuell klage vert handsama av den lokale klagenemnda. Klage skal sendast til den fagskulen som har fatta vedtak. Nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5 i denne forskrifta.</p>	
<p>§ 2-11 Innpassing og fritak (5) Om ein student får godkjent søknad om fritak av eit emne, skal dette kome fram på vitnemålet med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Vitnemålet er berre gyldig saman med dokumentasjonen som det vert referert til. Ved innpassing av eitt eller fleire emne er det siste utdanningsinstitusjon som skriv ut vitnemål jf. § 2-11 tredje ledd.</p>	<p>§ 2-10 Innpassing og fritak (5) Om ein student får godkjent søknad om fritak av eit emne, skal dette kome fram på vitnemålet med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Vitnemålet er berre gyldig saman med dokumentasjonen som det vert referert til. Ved innpassing av eitt eller fleire emne er det siste utdanningsinstitusjon som skriv ut vitnemål jf. § 2-10 tredje ledd.</p>	<p>Berre endring av paragrafreferanse på grunn av forskyving i siste setning.</p>
<p>§ 2-12 Annullering av vedtak om innpassing og fritak (1) Styret ved klagenemnda kan annullere vedtak om innpassing eller fritak av eitt eller fleire emne ved ei fagskuleutdanning ved Fagskolane i Hordaland dersom ein student har fått innpassing eller fritak ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskuleutdanning § 9.</p>	<p>§ 2-11 Annullering av vedtak om innpassing og fritak (1) Den lokale klagenemnda kan annullere vedtak om innpassing eller fritak av eitt eller fleire emne ved ei fagskuleutdanning ved Fagskolane i Hordaland dersom ein student har fått innpassing eller fritak ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskuleutdanning § 9.</p>	
<p>§ 3-2 Grunngeving for karakterfastsetting (1) Ein student har rett til grunngeving ved</p>	<p>§ 3-2 Grunngeving for karakterfastsetting (1) Ein student har rett til grunngeving ved</p>	

<p>karakterfastsetting ved mappevurdering, prøvar, innleveringar og andre arbeidskrav som dannar grunnlag for mappevurdering/emnekarakter og eksamen. Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheiter må krav om grunngjeving setjast fram straks etter at karakteren er kunngjort. Dersom karakteren vert kunngjort elektronisk, må krav om grunngjeving setjast fram innan 1 veke. Ved anna vurdering må krav om grunngjeving framsetjast <i>innan 3 veker</i> frå karakteren vart kunngjort, eller det var rimeleg at kandidaten fekk kjennskap til karakteren.</p> <p>(3) Grunngjeving vert gjeve munnleg eller skriftleg etter sensor sitt val. Vert det sett fram klage basert på grunngjevinga, må sensor levere skriftleg grunngjeving til klagehandsamar.</p>	<p>karakterfastsetting ved mappevurdering, prøvar, innleveringar og andre arbeidskrav som dannar grunnlag for mappevurdering/emnekarakter og eksamen. Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheiter må krav om grunngjeving setjast fram straks etter at karakteren er kunngjort. Dersom karakteren vert kunngjort elektronisk, må krav om grunngjeving setjast fram innan 1 veke. Ved anna kunngjering må krav om grunngjeving framsetjast <i>innan 3 veker</i> frå karakteren vart kunngjort, eller det var rimeleg at kandidaten fekk kjennskap til karakteren.</p> <p>§ 3-2 (3) vert fjerna.</p>	
--	--	--

<p>§ 3-3 Skikkavurdering</p> <p>(1) Ved ein skilde utdanningar skal fagskulen vurdere om studenten er skikka for yrket. Krav til skikkavurdering skal gå fram av studieplanen. Ei skikkavurdering vert gjennomført gjennom heile studiet og er ein føresetnad for at studenten skal få vitnemål for fullført utdanning, jf. fagskulelova § 11.</p> <p>(2) Det er styret ved klagenemnda som fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka for yrket. Studenten har rett til å uttale seg før det vert gjort vedtak. Vert det fatta slikt vedtak, kan studenten verte utestengt frå utdanninga. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 4. om disiplinære sanksjonar og kap. 5. om klage og klagehandsaming.</p>	<p>§ 3-3 Skikkavurdering</p> <p>(1) Ved ein skilde utdanningar skal fagskulen vurdere om studenten er skikka for yrket. Krav til skikkavurdering skal gå fram av studieplanen. Ei skikkavurdering vert gjennomført gjennom heile studiet og er ein føresetnad for at studenten skal få vitnemål for fullført utdanning, jf. fagskulelova § 11.</p> <p>(2) Det er den lokale klagenemnda som fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka for yrket. Studenten har rett til å uttale seg før det vert gjort vedtak. Vert det fatta slikt vedtak, kan studenten verte utestengt frå utdanninga. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 4. om disiplinære sanksjonar og kap. 5. om klage og klagehandsaming.</p> <p>(3) Denne paragraf trer <u>ikkje</u> i kraft før Kunnskapsdepartementet har fastsett forskrift om skikkavurdering.</p>	
<p>§ 3-4 Karakterskala</p>	<p>§ 3-4 Karakterskala (1)*</p>	<p>*Sjå endring i høve til karakterskala under denne tabellen.</p>
<p>§ 3-4 Karakterskala</p>	<p>§ 3-4 Karakterskala (2) Ved ein skilde emne kan det verte nytta vurderingsuttrykket «bestått – ikkje bestått». Kva emne dette gjeld kjem fram av studieplanen.</p>	<p>Nytt andre ledd.</p>
<p>§ 3-5 Eksamensordning Styret sjølv gir forskrift om avlegging av og gjennomføring av eksamenar, prøver og anna arbeid, jf. lov om fagskoleutdanning § 6, fjerde ledd. Dette omfattar vilkår for å gå opp til eksamen eller prøve på nytt og vilkår for tilgang til ny praksisperiode. Styret kan gi forskrift om forhold som er spesielle for den ein skilde eksamen.</p>	<p>§ 3-5 Eksamensordning Styret kan gi forskrift om forhold som er spesielle for den ein skilde eksamen.</p>	

<p>§ 3-11 Dokumentasjon (3) Ein student som ikkje har fullført heile utdanninga, kan be om ei karakterutskrift som syner fullført og bestått emne, eksamenar og eventuelle andre vurderingar.</p>	<p>§ 3-11 Dokumentasjon (3) Ein student som ikkje har fullført heile utdanninga, kan be om ei karakterutskrift som syner fullførte og beståtte emne og eksamenar.</p>	
<p>§ 3-13 Rett til å gå opp til eksamen (1) Studentar som er tekne inn til eit emne eller eit studium ved fagskulen, har rett til å gå opp til dei eksamenar og prøver som høyrer til studiet eller emnet. Det er ikkje høve til å gå opp som privatist ved fagskulane. I kvart emne er det fastsett særskilde arbeidskrav som prøver, innleveringar eller krav om obligatorisk frammøte og/eller praksis som må vere fullført før eksamen kan gjennomførast. Nærare opplysningar om dette vert gitt i studieplanen. Studentar som ikkje oppfyller eller består arbeidskrava som er fastsett i studieplanen, har ikkje rett til å gå opp til eksamen.</p>	<p>§ 3-13 Rett til å gå opp til eksamen (1) Studentar som er tekne inn til eit emne eller eit studium ved fagskulen har rett til å gå opp til dei eksamenar og prøver som høyrer til studiet eller emnet. Det er ikkje høve til å gå opp som privatist ved fagskulane. I kvart emne er det fastsett særskilde arbeidskrav som prøver, innleveringar eller krav om obligatorisk frammøte og/eller praksis som må vere fullført før eksamen kan gjennomførast. Nærare opplysningar om dette vert gitt i studieplanen. Studentar som ikkje oppfyller eller består arbeidskrava som er fastsette i studieplanen har ikkje rett til å gå opp til eksamen i det aktuelle emne.</p>	
<p>§ 3-18 Eksamen under særskilde vilkår (1) Studentar som av medisinske eller andre grunnar har behov for spesiell tilrettelegging ved den praktiske gjennomføringa av eksamen, må sende søknad til rektor ved den einskilde skule om dette <i>seinast tre veker før eksamen</i>. Om det oppstår akutt behov for tilrettelegging, kan det gjerast unntak frå søknadsfristen. Søknaden må innehalde dokumentasjon frå sakkunnig instans (til dømes lege, logoped, psykolog) med omtale av behovet for særleg tilrettelegging i eksamenssituasjonen. (2) Særordningar kan vere spesiell fysisk tilrettelegging, bruk av særskilde hjelpemiddel og/eller</p>	<p>§ 3-18 Permisjon og tilrettelegging (1) Ein student kan søkje om og få permisjon dersom tungtvegande grunnar gjer det naudsynt, til dømes ved sjukdom eller innkalling til førstegongsteneste. Permisjon blir som hovudregel gitt for ein periode på inntil eitt år. I ekstraordinære tilfelle kan permisjon bli gitt i ytterlegare eitt år. (2) Studentar som av medisinske eller andre grunnar har behov for spesiell tilrettelegging ved den praktiske gjennomføringa av eksamen, må sende søknad om dette til rektor ved den einskilde skule <i>seinast tre veker før eksamen</i>. Om det oppstår akutt behov for tilrettelegging, kan det gjerast unntak frå søknadsfristen. Søknaden må</p>	

<p>utvida tid til eksamen, eller i spesielle tilfelle alternativ eksamensform. Døme på særordningar er: Eige eksamenslokale, bruk av PC, skrivehjelp, munnleg eksamen i staden for skriftleg, høgtlesing av oppgåva, høgtlesing av svara for korrektur, ekstra pausar med høve til å kvile, ammepausar og liknande.</p> <p>(5) Særordningar skal likevel vere slik at eksamensprestasjonen vert vurdert etter vanlege faglege kriterium.</p>	<p>innehalde dokumentasjon frå sakkunnig instans (til dømes lege, logoped, psykolog) med omtale av behovet for særleg tilrettelegging.</p> <p>(5) Særordningar skal likevel vere slik at prestasjonen vert vurdert etter vanlege faglege kriterium.</p>	
<p>§ 3-19 Fusk og forsøk på fusk</p> <p>(1) Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen eller prøve eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglement eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskulen. Om det under eksamenar eller prøver med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholde vil bli rapportert til administrasjonen ved fagskulen for vidare handsaming.</p> <p>(2) Studenten skal ha høve til å velje om han/ho ønskjer å avbryte eller fortsette eksamen. Det same gjeld for studentar som har hjelpt andre til fusk. Studentar som har fuska eller forsøkt å fuske, vil få eksamen eller prøve annullert. Det er styret ved klagenemnda som fattar vedtak om annullering (jf. § 3-20) på grunn av fusk eller forsøk på fusk, og eventuelle disiplinære sanksjonar (§ 4-1 tredje ledd).</p>	<p>§ 3-19 Fusk og forsøk på fusk</p> <p>(1) Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen eller prøve eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglement eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskulen. Om det under eksamenar eller prøver med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholde vil bli rapportert til administrasjonen ved fagskulen for vidare handsaming. Eksamensreglement og reglar for kjeldebruk finn ein på heimesida til fagskulen.</p> <p>(2) Studenten skal ha høve til å velje om han/ho ønskjer å avbryte eller fortsette eksamen. Det same gjeld for studentar som har hjelpt andre til fusk. Studentar som har fuska eller forsøkt å fuske, vil få eksamen eller prøve annullert. Det er den lokale klagenemnda som fattar vedtak om annullering (jf. § 3-20) på grunn av fusk eller forsøk på</p>	

	fusk, og eventuelle disiplinære sanksjonar (§ 4-1 tredje ledd).	
<p>§ 3-20 Annullering av eksamen (1) Styret ved klagenemnda kan annullere eksamen/emnekarakter om studenten har fuska eller er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel, jf. lov om fagskoleutdanning § 9. Høve til annullering vert ikkje forelda. Sjå § 4-1 tredje ledd i høve til disiplinære sanksjonar i samband med annullering på dette grunnlag.</p>	<p>§ 3-20 Annullering av eksamen (1) Den lokale klagenemnda kan annullere eksamen/emnekarakter om studenten har fuska eller er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel, jf. lov om fagskoleutdanning § 9. Høve til annullering vert ikkje forelda. Sjå § 4-1 tredje ledd i høve til disiplinære sanksjonar i samband med annullering på dette grunnlag.</p>	
<p>§ 4-1 Utestenging og bortvising (1) Ein student som trass skriftleg varsel frå fagskulen gjentekne gonger opptre på ein måte som verkar grovt forstyrrande for medstudentar sitt arbeid eller for verksemda ved fagskulen elles, kan etter vedtak av styret ved klagenemnda verte bortvist frå fagskulen i inntil eitt år. Med bortvising meiner ein at studenten ikkje får delta i undervisning eller opphalde seg på skulen sitt område i bortvisningsperioden. Dersom ein student på trass av skriftleg varsel frå fagskulen ikkje etterkjem eit vedtak om bortvising, kan styret vedta å stenge ute studenten frå utdanninga i inntil eitt år. Med utestenging meiner ein her å miste retten til å fullføre studiet.</p> <p>(2) Styret ved klagenemnda, kan vedta at ein student som har skapt fare for liv eller helse - eller har oppført seg grovt usømmeleg - overfor nokon studentane har møtt i samband med undervisning eller praksisopplæring, vert utestengt frå fagskoleutdanning med klinisk undervisning og</p>	<p>§ 4-1 Utestenging og bortvising (1) Ein student som trass skriftleg varsel frå fagskulen gjentekne gonger opptre på ein måte som verkar grovt forstyrrande for medstudentar sitt arbeid eller for verksemda ved fagskulen elles, kan etter vedtak av den lokale klagenemnda verte bortvist frå fagskulen i inntil eitt år. Med bortvising meiner ein at studenten ikkje får delta i undervisning eller opphalde seg på skulen sitt område i bortvisningsperioden. Dersom ein student trass i skriftleg varsel frå fagskulen ikkje etterkjem eit vedtak om bortvising, kan den lokale klagenemnda vedta å stenge ute studenten frå utdanninga i inntil eitt år. Med utestenging meiner ein her å miste retten til å fullføre studiet.</p> <p>(2) Den lokale klagenemnda kan vedta at ein student som har skapt fare for liv eller helse eller har oppført seg grovt usømmeleg overfor nokon studenten har møtt i samband med undervisning eller praksisopplæring, vert utestengt frå fagskoleutdanning med klinisk undervisning og</p>	<p>Omgrepet «styret ved klagenemnda» eller «styret» er endra til «den lokale klagenemnda» i denne paragraf.</p>

<p>praksisstudium, og vert fråteken retten til å gå opp til eksamen i slik utdanning ved fagskulen i inntil tre år. Det same gjeld dersom ein student har brote lovfesta teieplikt.</p> <p>(3) Styret ved klagenemnda kan vedta at ein student som har nytta falskt vitnemål, andre falske dokument eller anna form for uheiderleg åtferd, eller som har fuska eller forsøkt å fuske, vert utestengt frå all utdanning ved fagskule og vert fråtatt retten til eksamen ved fagskulen i inntil eitt år. Tilsvarande gjeld for ein student som forsetteleg har medverka til fusk.</p> <p>(4) Eit vedtak om bortvising eller utestenging av ein student kan berre fattast med minst to tredels fleirtal i styret ved klagenemnda. Studenten skal ha høve til å forklara seg før kvart vedtakspunkt. Vedtaket er eit enkeltvedtak, og studentane kan klage til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.</p>	<p>praksisstudium, og fråteken retten til å gå opp til eksamen i slik utdanning ved fagskulen i inntil tre år. Det same gjeld dersom ein student har brote lovfesta teieplikt.</p> <p>(3) Den lokale klagenemnda kan vedta at ein student som har nytta falskt vitnemål, andre falske dokument eller anna form for uheiderleg åtferd, eller som har fuska eller forsøkt å fuske, vert utestengt frå all utdanning ved fagskule og vert fråtatt retten til eksamen ved fagskulen i inntil eitt år. Tilsvarande gjeld for ein student som forsetteleg har medverka til fusk.</p> <p>(4) Eit vedtak om bortvising eller utestenging av ein student kan berre fattast med minst to tredels fleirtal i den lokale klagenemnda. Studenten skal ha høve til å forklara seg før kvart vedtakspunkt. Vedtaket er eit enkeltvedtak, og studentane kan klage til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Sjå kap. 5. for korleis gå fram ved klage.</p>	
<p>§ 5-1 Klageinstans</p> <p>(1) Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Les om grunngjeving for karakter under § 3-2, klage på mappeevaluering/emneevaluering under § 5-3 og eksamen under § 5-4.</p> <p>(2) Ved klage på bortvising, utestenging eller annullering av eksamen er det Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som er klageinstans. Ved alle andre klager er det styret ved klagenemnda som er ansvarleg for klagehandsaming. Klagenemnda består av</p>	<p>§ 5-1 Klageinstans</p> <p>(1) Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Les om grunngjeving for karakter under § 3-2, klage på mappeevaluering/emneevaluering under § 5-3 og eksamen under § 5-4.</p> <p>(2) Ved klage på bortvising, utestenging, annullering av eksamen, utestenging etter skikkavurdering eller politiattest er det Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som er klageinstans. Ved alle andre klager er det den lokale klagenemnda som er ansvarleg for klagehandsaming.</p>	

<p>minimum fem medlemmar etter følgjande kvalifikasjonar; leiar og vara for leiar fyller dei lovfesta krava til lagdommarar og er ikkje tilsett ved fagskulen, to medlemmar frå Fagskolane i Hordaland og to studentar. Alle medlemmane har personleg vara, og mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova.</p> <p>(3) Klager som vert handsama av styret si klagenemnd, er som følgjer:</p> <ol style="list-style-type: none"> a) formelle feil ved eksamen (t.d. feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur) b) eksamen under særskilde vilkår c) opptak d) fritak eller innpassing av emne e) tap av rettar 	<p>Klagenemnda består av minimum fem medlemmar etter følgjande kvalifikasjonar; leiar og vara for leiar fyller dei lovfesta krava til lagdommarar og er ikkje tilsett ved fagskulen, to medlemmar frå Fagskolane i Hordaland og to studentar. Alle medlemmane har personleg vara, og mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova. Den lokale klagenemnda er vedtaksfør når leiar eller vara for leiar og to andre medlemmer er til stades. Vedtak fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak kan ikkje påklagast.</p> <p>(3) Klager som vert handsama av den lokale klagenemnda er som følgjer:</p> <ol style="list-style-type: none"> a) formelle feil ved eksamen (t.d. feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur) b) eksamen under særskilde vilkår c) opptak d) fritak eller innpassing av emne e) tap av rettar 	
<p>§ 5-2 Framgangsmåte og fristar</p> <p>(1) Alle klager skal sendast til den einskilde fagskule ved rektor, som anten sender klaga til handsaming for ny sensur eller til handsaming i styret si klagenemnd.</p> <p>(4) Finn klagenemnda at det er gjort formelle feil, og det er rimeleg å tru at dette kan ha vore viktig for prestasjon eller vurdering for ein eller fleire studentar, skal det gjennomførast ny sensur, eller haldast ny eksamen så snart som mogleg.</p> <p>(5) Den skriftlege klaga skal innehalde:</p> <ol style="list-style-type: none"> a) kven som klagar (namn, adresse og studentnummer) 	<p>§ 5-2 Framgangsmåte og fristar</p> <p>(1) Alle klager skal sendast til den einskilde fagskule ved rektor. Rektor skal – som den som har fatta vedtak i første instans – vurdere om det er grunn til å oppheve vedtaket. Dersom rektor ikkje finn grunn til å oppheve vedtaket sender rektor klaga til handsaming for ny sensur eller til handsaming i den lokale klagenemnda.</p> <p>(4) Finn den lokale klagenemnda at det er gjort formelle feil, og det er rimeleg å tru at dette kan ha vore viktig for prestasjon eller vurdering for ein eller fleire studentar, skal det gjennomførast ny sensur, eller</p>	

<p>b) vedtak det vert klaga over c) kva klaga gjeld og grunngeving for denne d) dato og underskrift/er</p>	<p>haldast ny eksamen så snart som mogleg.</p> <p>(5) Den skriftlege klaga skal innehalde:</p> <p>a) kven som klagar (namn og adresse) b) vedtak det vert klaga over c) kva klaga gjeld og grunngeving for denne d) dato og underskrift/er</p>	
<p>§ 5-3 Klage på mappevurdering/emnekarakter</p>	<p>§ 5-3 Klage på mappevurdering/emnekarakter (5) Ved ny sensur skal nye sensorar ikkje få oppgitt karakteren det vert klaga på.</p>	<p>Nytt femte ledd.</p>
<p>§ 5-4 Klage på eksamen</p>	<p>§ 5-4 Klage på eksamen (4) Ved ny sensur skal nye sensorar ikkje få oppgitt karakteren det vert klaga på.</p>	<p>Nytt fjerde ledd.</p>
<p>§ 6-1 Mindre endringar i forskrifta (1) Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har rett til å gjere mindre endringar i denne forskrifta slik at den er i tråd med gjeldande lover og tilhøyrande forskrifter og krav som er sett fram av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT).</p>	<p>§ 6-1 vert fjerna.</p>	<p>§ 6-2 vert ny § 6-1</p>

Gjeldande karakterskala:

§ 3-4 Karakterskala

Symbol	Generell, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriterium
A	Framifrå prestasjon som skil seg klårt ut. Studenten har svært gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
B	Mykje god prestasjon. Studenten har mykje gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
C	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten har gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
D	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten har nokså gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
E	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten har oppfylt minimumskrava som blir stilt til kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
F	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Studenten har <i>ikkje greidd</i> på grunn av vesentlege manglar når det gjeld kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.

Ny karakterskala:

§ 3-4 Karakterskala

(1)

Symbol	Nemning	Generell, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriterium
A	Framifrå	Framifrå prestasjon som skil seg klårt ut. Studenten har svært gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
B	Mykje god	Mykje god prestasjon. Studenten har mykje gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
C	God	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten har gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
D	Nokså god	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten har nokså gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
E	Tilstrekkeleg	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten har oppfylt minimumskrava som blir stilt til kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
F	Ikkje bestått	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Studenten har <i>ikkje bestått</i> på grunn av vesentlege manglar når det gjeld kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.